## Turen tar oss til og forbi fleire av dei mest kjente attraksjonane i denne landsdelen.

This tour takes you to several of the most famous attractions in this area.




**Bergen** ble by i kong Olav Kyrre si regjeringstid (1066-93). Byen var fram til 1830-åra den største i landet, og ei tid i mellomalderen også den største i Norden. I dag har Bergen ca. 221.000 innbyggjarar, er hovedstaden på Vestlandet og inngangsporten til Fjord Noreg. Dei mest vitja attraksjonar er Fisketorget, Fløien/Fløibanen, Bryggen, Bergen Akvarium, og sjølvsagt heimen til Edvard Grieg, Troldhaugen.

Bergen became a city during the reign of King Olav Kyrre (1066-93). Until the 1830s it was Norway"s largest city, and at one point during the Middle Ages it was the largest in Scandinavia. Nowadays Bergen has about 221,000 inhabitants and is the capital of western Norway and gateway to the fjords. The best-known attractions are the fish market, Mount Fløien and its funicular, Bryggen, Bergen Aquarium and Troldhaugen, Edvard Grieg"s home.

**Os kommune** har ein båt under ei stor rose i kommunemerket. Det symboliserer hevdvunne handverk i Os, i form av Oselvarbåten og rosemåling. Kommunen har i dag om lag 13000 innbyggjarar. Frå 1100-talet vert Os si historie sterkt prega av at Lyse Kloster vart grunnlagt i bygda, skipa 10 juli 1146 av bisp Sigurd i Bergen. Det vakre og lune landskapet i Os har lokka mange til seg, og ein av desse var fiolin-virtuosen Ole Bull. I 1872 fekk han bygd eventyrlege «Villa Lysø» på Lysøya i Lysefjorden.

Os district has a boat beneath a large rose on its coat of arms, symbolising the district"s traditional handicrafts, boatbuilding and decorative rose painting. Today, the district"s population is about 13,000. From the 12th century onwards, Lyse Abbey played a key role in the area"s history. The abbey was consecrated on 10 July 1146 by Bishop Sigurd of Bergen. The district"s beautiful countryside has attracted many people, including the violin virtuoso Ole Bull. In 1872 he had his fairytale villa built on Lysøen in the Lysefjord.



*Lysøen.* Foto: Muséet Lysøen



*Lysekloster.*

**Avstander/Distances:**

| | |
|---|---|
| Bergen sentrum-Lysefjorden: | 19 km |
| Lysefjorden-Osøyro: | 12 km |
| Osøyro-Bergen: | 28 km |

## Reiserute

Ut frå Bergen er det best å følgja Rv553 langs Fjøsangervegen og skilt mot Fana. Vi køyrer forbi Gamlehaugen(**1**)(på høgre sida av vegen) og litt seinare avkøyringa til Troldhaugen(**2**) før vi fortset sydover gjennom Fana.

I Rådalskrysset delar vegen seg mot Bergen Lufthavn og Fana. Vi skal ta den siste, Rv546 til venstre. Denne tar oss forbi Stend(**3**) og til Fana Kyrkje(**4**). Her køyrer vi rett fram på veg merka Drange, over Fanafjellet (**5**) (vakker utsikt over Fanabygda) og ned til Lysefjorden. Her ifrå kan vi sjå over, og ta turen over til Lysøen(**6**). Vi er i Os kommune.

## Route

Leaving Bergen , it is best to take Rv553 via Fjøsangervegen, following signs to Fana. We pass Gamlehaugen (**1**) on the right and, shortly afterwards, the turning for Troldhaugen (**2**), before continuing south through Fana.

At Rådal crossroads, the road divides for Bergen airport and Fana. We take the latter route, Rv546, to the left, which takes us past Stend (**3**) to Fana church (**4**). Here, keep straight ahead on the road marked Drange, over Fanafjellet hill (**5**) (fine views of the Fana area) and down to the

I krysset ved Nordstraumen svingar vi skarpt til venstre på skilta veg mot Lysekloster/Ulven. Vi passerer ruinane etter Lyse Kloster(**7**) og fortset mot Ulven(militærleir). I krysset like etter militærleiren svingar vi skarpt til høgre, skilt mot Hagavik/Strøno. I neste vegkryss tar vi til venstre og heretter skal vi følgja skilt mot Os/Osøyro(**8**).
Retur frå Osøyro på E39 til Bergen.

## Stader og ting av interesse

(**1**) **Gamlehaugen**, Kongebustad i Bergen. Tidlegare statsminister Chr. Michelsen sin heim. Faste opningstider i sommarsesongen. Parken er open heile året.

(**2**) Eit besøk på **Troldhaugen** kan kombinerast med denne turen. Ta til venstre i første rundkøyringa etter Gamlehaugen og deretter første til høgre, skilta til Troldhaugen.
Edvard Grieg bygde heimen sin «Troldhaugen» i 1885 og budde der i 22 år. Huset er i dag eit museum og innreidinga er Grieg sin eigen frå 1907.

(**3**) **Stend**. Den gamle garden er i dag Hordaland fylke sin eigedom og ligg under Stend Jordbruksskule. Den staselege hovedbygningen er frå 1600-talet og er i dag freda.
**Stend Stasjon,** like ved riksvegen, er den einaste av stasjonsbygningane på Nesttun-Osbanen som enno står i si opphavlege form.
På Stend finn vi også **Hordamuséet,** eitt av dei kulturhistoriske distriktsmusea i fylket. Muséet har ei bygningshistorisk avdeling med gardstun,skulestove, kvernhus, krambu og postkontor. Kystkulturen har ein stor plass, med naust, båtar og fiskereiskap. Muséet har ei finsamling biletteppe av vevkunstnaren Ragna Breivik.

(**4**) **Fana Kyrkje** er første gong nemnd i skriftlege kjelder i 1228, men er truleg eldre enn dette. Den var ei av valfartskyrkjene i mellomalderen, med eit undergjevande krusifiks som kunne lækja sjuke.

(**5**) Ved toppen av vegen over **Fanafjellet** har Hordamuséet ei stølsavdeling, med stølshus frå ulike stader i Hordaland.
Her i frå er det god og merka sti til toppen, med vakker utsikt over Fanabygda. Ca.40 min.

(**6**) **Lysøen** innbyr til eit besøk ein seint vil gløyma. Sjølve øya er på 700 mål og hovedattraksjonen er Ole Bull sin fantastiske villa, bygd i 1873. Ole Bull var og er framleis sett på som eit nasjonalt symbol, ein komponist og fiolinist som vart anerkjent over heile verda. Huset er ope for publikum i sommarmånadene. På Lysøen er det 13 km idylliske turvegar og stiar lagde med skjelsand, frodig vegetasjon, lune badevikar, utsiktstårn, lysthus og gardstun kor dei eldste bygningane er frå 1670.
Til Lysøen kjem du med båt frå Buena kai (5 min.). På Lysøen er det mange, koselege spaservegar. Kart frå museet.

(**7**) Ruinane etter **Lyse Kloster** (Heilag Maria Kloster i Lyse). Grunnlagt i 1146 som dotterkloster av Fountain Abbey i Yorkshire i England. Her kan vi oppleva eit møte med mellomalderen fram til reformasjonen i 1536. Då klosteret vart rive, vart det ført kleberstein frå Lyse til bygging av Rosenkrentztårnet i Bergen og Kronborg slott i Danmark.

**(8) Osøyro** er kommunesenter og ligg ved elveosen, som har gjeve garden, bygda og seinare kommunen namn. Her er det ein treng av servicetilbod, anten ein kjem langs landevegen eller i båt.

*Sjå fottur 30E.*

Lysefjord. From here you can see and take a trip over to Lysøen (**6**). We are now in Os district.
At the junction by Nordstraumen, take a sharp left turn, signposted Lysekloster/Ulven. We pass the ruins of Lyse Abbey and continue towards Ulven (army base). At the crossroads just past the army base, take a sharp right turn, signposted Hagavik/Strøno. Turn left at the next junction and follow signs to Os/Osøyro (**8**).
Return from Osøyro on the E39 to Bergen.

## Places of interest and attractions

(**1**) **Gamlehaugen**, Bergen"s royal residence. Formerly the home of Christian Michelsen, the first prime minister of independent Norway. Fixed opening hours in summer season. Park open all year.

(**2**) This tour can be combined with a visit to **Troldhaugen**. Turn left at the first roundabout after Gamlehaugen and then take the first right, signposted Troldhaugen.
Edvard Grieg built his home Troldhaugen («fairy hill») in 1885 and lived there for 22 years. The house is now a museum, with Grieg`s own furnishings from 1907.

(**3**) **Stend**, a historic farm now owned by Hordaland province and administered by Stend agricultural college. The imposing 17th-century main building is now preserved.
**Stend station**, right beside the main road, is the only station on the Nesttun-Os line with its original buildings still intact.
Stend is also home to **Hordamuseet**, one of the province"s cultural history museums. The architectural history section includes a farmyard, schoolhouse, mill, village shop and post office. Much space is also devoted to coastal life, with boathouses, boats and fishing gear. The museum has a fine collection of tapestries woven by Ragna Breivik.

(**4**) **Fana church** was first mentioned in written records in 1228, but is probably older. It was a centre of pilgrimage in the Middle Ages, with a miraculous crucifix that could heal the sick.

(**5**) At the summit of the road over **Fanafjellet**, a branch of Hordamuseet features buildings from various shielings (summer mountain farms) in Hordaland. Easy and well marked path to the mountain top, with beautiful view. Approx. 40 min.

(**6**) A visit to **Lysøen** is an experience you will never forget. The island measures 700,000 m2 and its main attraction is Ole Bull"s marvellous villa, built 1873. Ole Bull was and remains a Norwegian national hero, a composer and violinist who won worldwide fame. His house is open to visitors in the summer months. Lysøen has 13 km of picturesque paths and sandy tracks, lush vegetation, calm bays for swimming, a lookout tower, summer house and farmyard, whose oldest buildings date from 1670.
You reach Lysøen by boat from Buen pier (5 min). The island has a number of small and interesting roads for walks. Special map at the the museum.

(**7**) The ruins of **Lyse Abbey** (St Mary"s), founded 1146 as a daughter church of Fountains Abbey in Yorkshire, give a vivid impression of medieval life before the Reformation in 1536. When the abbey was demolished, stone from Lyse was used to build the Rosenkrantz Tower in Bergen and Kronborg castle in Denmark.

(**8**) **Osøyro**, the administrative centre of Os district, is situated at the river mouth that gave its name to the farm, the village and eventually the district. A wide range of services are available, whether you come by road or sea.

*See Walk 30E.*